



Vår dato:

02.06.2021

Vår ref:

2020/19264

Dykkar dato:

21.12.2020

Dykkar ref:

Askøy kommune,  
Klampavikvegen 1,  
5300 KLEPPESTØ

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

## Askøy kommune - budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024

Askøy kommunestyre har i møtet 17.12.2020, sak 201/20, handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan for 2021-2024. Vi har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer vi at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis vi vurderer kommunen sin økonomi og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Som følgje av covid-19 får kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i kommunen sitt opphavlege budsjett og økonomiplan, og vi vil følgje konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sette i verk.

### Oppsummering

Det er viktig at veksten i den ikkje sjølvfinansierande delen av gjelda framover i gjennomsnitt er innafor maksimalt 3 prosent årleg vekst, som er den målsetjinga kommunen har lagt til grunn.

Kommunen bør ha betre netto driftsresultat enn det som er innarbeidd i budsjettet og økonomiplanen. Det vil gi grunnlag for å kunne setje av midlar til disposisjonsfondet og for i større grad kunne driftsfinsiere investeringar. Kommunen bør ha eit større disposisjonsfond som driftsreserve. Når kommunen har opparbeidd disposisjonsfondet til eit tilstrekkeleg høgt nivå, er det viktig at ein større del av investeringane blir finansiert med driftsmidlar.

### Budsjett 2021

I rekneskapen for 2020 er det eit netto driftsoverskot med kr 36,9 mill. Det utgjer 1,6 prosent av driftsinntektene.

Det er eit netto driftsunderskot i budsjettet med kr 35,0 mill. Det utgjer - 1,5 prosent av driftsinntektene.



Kommunen har budsjettert med kr 825,0 mill. i skatt på eige og inntekt for 2021. Ordinær skatt og rammetilskot er budsjettert med til saman kr 1722 mill.

Inntektsprognosene for 2021 er oppdatert med innkomen skatt i 2020. Skatt og rammetilskot er ikke budsjettert for høgt samanlikna med den siste inntektsprognosene. Kompensasjon for koronapandemien inngår i denne prognosene.

Det er budsjettert med utbytte frå BKK med kr 13,2 mill. Utbytte frå BIR er budsjettert med kr 6,0 mill. Utbetaling frå havbruksfondet er lagt inn i budsjettet med kr 3 ½ mill.

Det er ikke gjort vedtak om eigedomsskatt i kommunen.

Det er budsjettert med kr 111 ½ mill. i ordinære avdrag. Dette utgjer om lag 3,5 prosent av kommunen si lånegjeld ved utgangen av 2020, når vi trekker utlån frå lånegjelda. Det er lagt opp til minimumsavdrag med årleg 3,5 prosent av lånegjelda, utanom formidlingslån, i heile økonomi-planperioden.

I 2021 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr 303,8 mill. Av dette utgjer avgiftsfinansierte investeringar i VAR-sektoren til saman om lag kr 211 mill.

Det er gjort vedtak om låneopptak kr 302.652.000,- til finansiering av investeringane. Det er budsjettert med startlån til vidare utlån, kr 40,0 mill.

Kommunen si brutto langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2020 er om lag kr 3,5 mrd. Det utgjer 149,6 prosent av sum driftsinntekter, eller om lag kr 118.500,- per innbyggjar.

### **Økonomiplan 2021 - 2024**

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

I økonomiplanen er det for perioden 2022-2024 lagt opp til å styrke netto driftsresultat noko frå nivået i budsjett 2021. Netto driftsresultat i økonomiplanen er - 0,4 prosent i 2022, null prosent i 2023 og 0,1 prosent i 2024, samanlikna med driftsinntektene. Det faktiske resultatet for 2021 kan bli betre enn det som er budsjettert.

Kommunen sitt disposisjonsfond var ved utgangen av 2020 kr 147,8 mill. Det utgjer 6,3 prosent av driftsinntektene. Det var planlagt bruk av disposisjonsfondet i 2021 og 2022 i budsjett og økonomiplan. Den faktiske utviklinga av fondet kan bli noko meir positiv enn innarbeidd i budsjett og økonomiplan, jamfør betre utvikling i netto driftsresultat i år.

Det er planlagt investeringar i økonomiplanperioden 2021-2024 med til saman om lag kr 1,3 mrd. Om lag 2/3 - delar av dette er sjølvkostprosjekt innan VAR-sektoren. Investeringane i plan-perioden er i hovudsak i skulebygg, idrettsanlegg og vatn- og avlaupsanlegg.

Nye investeringar er i hovudsak planlagt finansierte med låneopptak. Den samla lånegjelda er pårekna å auke frå kr 3,5 mrd. ved utgangen av 2020 til kr 4,4 mrd. ved utgangen av 2024. Av



den pårekna auken i lånegjelda i planperioden utgjer avgiftsfinansierte investeringar om lag 2/3-delar.

### **Finansielle måltal**

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling av kommunen sin økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid.

Kommunestyret har vedteke følgjande handlingsreglar/finansielle måltal:

- Gjeldsveksten for ikkje sjølvfinansierande gjeld skal vere på gjennomsnittleg maksimalt 3 prosent årleg i økonomiplanperioden.
- Netto driftsresultat skal vere på minst 0,5 prosent av driftsinntektene.
- Disposisjonsfondet skal ha eit minimum på kr 80 mill. med oppbygging til 6,5 prosent av driftsinntektene.

### **Statsforvaltaren sine vurderinger**

Kommunen har høg lånegjeld. Det er difor viktig at veksten i den ikkje sjølvfinansierande delen av gjelda framover i gjennomsnitt er innafor maksimalt 3 prosent årleg vekst, som er den målsetjinga kommunen har lagt til grunn.

Kommunen fekk eit netto driftsoverskot i rekneskapen for 2020. Resultatet vart betre enn budsjettet og kommunen kunne setje av midlar til disposisjonsfondet. Overskotet må likevel bli sett i samanheng med særskilde statlege tilskot i 2020 i samband med koronapandemien. Dessutan var det lågare aktivitet som følgje av pandemien. Dette bidrog til å gjere resultatet for fjoråret betre enn det elles ville ha vore.

Det finansielle måltalet for netto driftsoverskot på minst 0,5 prosent av driftsinntektene er realistisk, både for i år og for dei neste åra i økonomiplanperioden. Måltalet er likevel vesentleg lågare enn den generelle tilrådinga på 1,75 prosent i netto driftsoverskot av driftsinntektene.

Det er viktig at kommunen reelt oppnår betre netto driftsresultat enn det som er innarbeidd i budsjett og økonomiplanen. Netto driftsoverskot bør også vere høgare enn det kommunen har vedteke som måltal på 0,5 prosent av driftsinntektene. Det vil gi grunnlag for å kunne setje av midlar til disposisjonsfondet og for å kunne driftsfinansiere investeringar.

Kommunen sitt disposisjonsfond var som nemnd ved utgangen av 2020 kr 147,8 mill., eller 6,3 prosent av driftsinntektene. Kommunen bør ha eit større disposisjonsfond enn dette for å ha tilstrekkeleg driftsreserve. Disposisjonsfondet bør vere 8-10 prosent av driftsinntektene, eller minst kr 200 mill. basert på noverande inntektsnivå.

Investeringane blir i hovudsak lånefinansierte. Når kommunen har opparbeidd disposisjonsfondet til eit tilstrekkeleg høgt nivå, er det viktig at ein større del av investeringane blir finansierte med driftsmidlar. Det må vere ei målsetjing at driftsfinansieringa av investeringane blir større.

Det var tidlegare stor vekst i dei yngre aldersgruppene. Veksten i desse aldersgruppene har i dei siste åra flata ut og det har vore nedgang i aldersgruppa 0-5 år. Det vil difor over tid også kunne



bli nedgang i aldersgruppa 6-15 år. Det har i seinare år vore vekst i dei eldre aldersgruppene. Kommunen har hatt relativt få eldre innbyggjarar, slik at stor vekst i talet på eldre framover er sannsynleg. Det er viktig at kommunen tilpassar tenestene og investeringane til at det vil bli ei eldre befolkningssamansetjing.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

Gjenpart:

Vestland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutval, Postboks 7900, 5020 Bergen